

Referat frå «Bransjemøte/Frukostmøte» 24. april 2018, kommunestyresalen i Fitjar rådhus kl. 08:30 – 11:00.

Det møtte 14 stk. frå «bransjen» og 10 stk frå administrasjon og politisk leiing.

Leiar i Utval for plan og miljø, Torstein Grimen, opna møtet og ønskte velkommen.

Det vart orientert om at referat frå møtet ville bli sendt som meldingssak til Utval for plan og miljø samt til Kommunestyret.

Han gav så ordet til påtroppande rådmann Olaug Haugen som presenterte seg for dei frammøtte.

Avdelingsleiar for plan og utvikling Anne-Lise Næs Olsen presenterte seg og dei andre tilsette på avdelinga for plan og utvikling, og orienterte om kva oppgåver og lovar og forskrifter avdelinga m.a. jobbar etter.

Presentasjonen til Anne-Lise Næs Olsen ligg ligg ved som egen lenke.

Etter innlegget frå Anne-Lise Næs Olsen vart det opna for spørsmål/innspel, med påfølgjande svar slik:

1.

Kva vert gjort i slike tilfelle der grensene er feile og ikkje oppmålt i en godkjent plan? Det vart opplyst om at dette gjeld ei konkret sak som ikkje er motteke i kommunen enda.

Svar:

Dette er utfordringar som kjem pga. at ein ikkje har klarlagt uklare grenser før ein lagar planen, og er eit problem i mange gamle planar. Me må løyse desse utfordringane på best måte, og vil sjå på dette når saka vert motteke i kommunen.

2.

Kor går grensa mellom vegleiing og førehandskonferanse? Det bør vel kunne takast ein uformell prat først som kan resultere i ein førehandskonferanse? Det er viktig med ei «open dør».

Svar:

Det er viktig at det er «rette» opplysningar som kjem fram i ein sak. Ved uformell prat, der ein kanskje ikkje har alle opplysningar på bordet, kan det være lett å «blingse» og gi feile opplysningar. Ein er elles positiv til uformell prat der dette er hensiktsmessig. Det beste er å sende førespurnad på e-post for å kunne undersøkje saka, og for lettare å kunne gje rette svar.

Det vart i den forbindelse orientert om at det frå 2018 er lagt inn gebyr for «planuttale» i regulativet til Fitjar kommune. Gebyret er på kr. 400,-.

3.

Viktig med tydeleg informasjon ut til innbyggjarane om kva som er meldepliktig og kva som er søknadspliktig. Det er viktig å ha god informasjon på nettsida.

Svar:

Det vart orientert om kor ein finn informasjon på kommunen sine nettsider.

Torstein Grimen opplyste om at private får og god hjelp i kundetorget, men at nettsida kan forbetrast.

4.

Kvifor er kartpakke og naboliste dyrare i Fitjar kommune enn i Stord kommune?

Svar:

Anne-Lise Næs Olsen påpeika at dette må vere feil og har i ettertid sjekka at prisen i Stord kommune er kr. 750,- pr. søknadspakke inkl. mva. I Fitjar kommune er pris på kartpakke bestilt via Ambita (infoland) kr. 360,- inkl. mva. Kartpakke bestilt over disk eller pr. telefon kostar kr. 600,- inkl. mva.

5.

Når ein bestiller kartpakke i Stord kommune får ein og med utsnitt av reguleringsplan samt reguleringsføresegner for området. Dette bør og kunne gjerast i Fitjar kommune?

Svar:

Dette kan administrasjonen gjere, men utfordringar her ligg i at me har ein del gamle planar som ikkje er i samsvar med realiteten.

6.

Kva gjeld ved avstandar til veg i samband med bygging av murar/fyllingar/mm.?

Svar:

Det er ingen politiske føringar for dette, men det bør lagast ei vegnorm der ein m.a. set av område regulert til «*Anna veggrunn*», og der dette arealet bør være minimum ein meter. Det vil likevel avhenge av trafikken på vegen. Der det ikkje er reguleringsplan er det Veglova som gjeld, og generell byggjegrænse langs fylkesveggar er 50 meter.

7.

Når skal kommuneplanen reviderast og er det omfattande å gjera endringar i denne?

Svar:

Det er kommunestyrevedtak på at det skal ryddast opp i ulovlege tiltak, noko som vil medføre at rullering av kommuneplanen ikkje vil kunne startast opp før tidlegast 2019, mest sannsynleg 2020.

8.

Murar/fyllingar - kor detaljert må dette vere i ein søknad?

Svar:

Fitjar kommune ønskjer generelt snitt-teikningar som syner oppbygging av mur med drenering og fundament, samt høgde på muren. Er skråninga «bratt» må den kanskje plastrast. Det vart vist til Statens vegvesen si handbok N200.

9.

Ønskje om at ferdigattestar blir prioritert.

Svar:

Dette prøver administrasjonen i det lengste å gjere, men det vart også anbefalt at det kan søkjast om mellombels bruksløyve litt i god tid dersom tiltaket ikkje er heilt ferdig.

Etter spørsmålsrunden til Anne- Lise Næs Olsen orienterte Atle Tornes om Kommuneplanen, som ikkje blir rullert før tidlegast 2020, Interkommunal strandsonenplan, kor det enda er et stykke arbeid igjen før ein er i mål, Øyaplanen som blei starta i 2013 og Kystsonenplan for Sunnhordland og ytre Hardanger, som vart vedteke i oktober 2017. Kystsonenplanen er klagt inn og til handsaming i kommunaldepartementet. Den er klagt inn av 5 kommunar og Fitjar er ein av dei.

Presentasjonen til Atle Tornes ligg ved som egen lenke.

Etter innlegget frå Atle Tornes vart det opna for spørsmål/innspel, med påfølgjande svar slik:

10.

Stiller kommunen seg positiv til innlagt vatn i naust og vil utnyttingsgrad for fritidsbustader i Kråko kunne bli 35%?

Svar:

Kommuneplanen gir ikkje opning for installering av vann- og avløp i naust, og i kommuneplanen er det berre bustader som har tillate BYA på 35%, ikkje fritidsbustader.

11.

Kordan er det med å søkja om å etablere flytebrygge kontr kai ?

Svar:

Kai og flytebrygge er begge søknadspliktige tiltak og her gjeld genererelle reglar. Imidlertid er flytebrygge betre løysing enn fast kai, med tanke på fjerning.

Ordførar Wenche Tislevoll informerte om utfordringar kommunen har med å gjennomføra rullering av planar, og at planstrategi i kommunen er no under handsaming.

Ho orienterte om at det i førre runde var ønskjeleg å få enda fleire bustadområde inn i kommuneplanen, spesielt i krinsane, men overordna mynde meinte at Rosneset dekkja bustadbehovet i kommunen, då dette er ein stor plan.

Det vart, frå salen, påpeika at lovverket skal følgjast, men kommunen må tolke regelverket til fordel for dei som skal få til noko og at det må bli så billeg som mogleg utan stengsler.

Torstein Grimen presiserte at regelverket blir tolka på best mogleg måte og at det er viktig å starte dialogen tidleg.

Johannes Koløen takka for møtet og synes dette var veldig positivt.

Påtroppande rådmann Olaug Haugen poengterte at det er ein forutsetning å bruke lovverket for å fremme vekst.

Alle interesser må sjekkast ut, ikkje berre søkjaren sine, då dette fort kan skape presedens.

Det er viktig å ha ein god dialog, men også å kunne sjå lova sine forutsetningar og krav til medverknad. Kommunen lyt tenkje heilskap, og ikkje berre så på søkjaren sine behov.

Ordførar Wenche Tislevoll avslutta og oppsummerte møtet.

Konklusjonen er at det er viktig å møtast og kunne ha dialog og at dette gjerne kan gjentakast, eventuelt med tema? Ein ynskte innspel frå bransjen.

Det er og viktig å halde seg til lover og planer, og smidigheit må gå begge vegar for å finne gode løysingar.

Det skal være positivt å bu og drive noko i Fitjar kommune!